



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 20.10.2014 kl. 15:15

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Ole Andreas Myrstad	Leiar
Anne Grethe Lien	Nestleiar
Stein Hugo Fykse	Medlem
Jostein Vidar Takle	Medlem (Ikkje til stades under vedtaka: Sak 69-70.)
Jorunn Ringstad	Medlem (Ikkje til stades under vedtaka: Sak 67, pkt. 3 og 4, sak 68-70.)
Reidun Melvær Norheim	Medlem
Linda Karin Solheim	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Kari Berit Ness	Medlem
Oddvar Reidar Indrebø	Medlem
Åge Guddal	Medlem

Frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Møtte ikkje:

Inger Lise Saltskår	Medlem
---------------------	--------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2014/59		Godkjenning av innkalling, sakliste og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2014/60		Godkjenning av protokoll frå møte 10.09.2014	RUNE ZIENER
SR 2014/61		Skriv og meldingar	RUNE ZIENER
FR 2014/62		Budsjettjustering 2014	RUNE ZIENER
FR 2014/63		Regulering av lokale gravplassvedtekter i Askvoll	RUNE ZIENER
FR 2014/64		Regulering av betalingsvedtekter for Askvoll sokn	RUNE ZIENER
FR 2014/65		Telefonløysing for Askvoll sokn	RUNE ZIENER
FR 2014/66	§ 13	Tilsetting i kyrkjetenarteamet	RUNE ZIENER
SR 2014/67		Høyring: "Staten og Den norske kirke - et tydelig skille"	RUNE ZIENER
SR 2014/68		Val av leiar og nestleiar for 2015	RUNE ZIENER
SR 2014/69		Kyrkjevalet 2015. Val av leiar av valstyret og etablering av valteam.	RUNE ZIENER
SR 2014/70		Komplettering av offerlister, hausten 2014	RUNE ZIENER
SR 2014/71		Evt. Saka vart sett på saklista, men ikkje handsama.	-

Askvoll, 21.10.2014

Rune Ziener
Referent.

SR 2014/59 Godkjenning av innkalling, sakliste og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling, dagsorden og sakliste slik den ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling, dagsorden og sakliste slik den ligg føre, men set opp ein evt. sak som sak SR 2014/71.

SR 2014/60 Godkjenning av protokoll frå møte 10.09.2014

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 10.09.2014 som den ligg føre.

VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 10.09.2014 som den ligg føre.

SR 2014/61 Skriv og meldingar

UTGREIING

Skriv og meldingar

- M 40/14 Budsjettkontrollrapport (investering) pr. 08.10.2014
- M 41/14 Samling for råd og stab 14.-16. november i Bulandet. Her vert sett ned ein komité (sett saman av Ole Andreas Myrstad, Stein Hugo Fykse, Marit Veim Thistel og Rune Ziener) som skal planlegge helga.
- M 42/14 Lokale lønnsforhandlingar, justert tidsplan og endeleg vedtak i lønnspolitiske retningslinjer via e-post.
- M 43/14 Skjærgårdssang: *Tilbud om konserter uten økonomisk risiko*
- M 44/14 Stongfjorden kapell. Drøfting.
- M 45/14 Askvoll gravplass. Drøfting om grunnvertaking.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

FR 2014/62 Budsjettjustering 2014

UTGREIING

Etter framlegging av 2. tertialrapport i soknerådsmøte 10.09 viser det seg at det er trong for justeringar i driftsbudsjett for 2014. I tillegg ligg det no føre budsjettkontrollrapport på investering pr. oktober 2014.

1. DRIFTSBUDSJETT

1.1 Teneste 04100 Kyrkjeleg administrasjon

I forslag til endring er det lagt inn ein netto kostnadsauke på kr 29.000,- på denne tenesta. Det meste er justeringar i vare- og tenestekjøp basert på rekneskapstal pr. 2. tertial, men her ligg og inne ekstra lønnskostnad for 20% prosjektstilling for å kartlegge festarar og reetablere utløpte festeavtaler, med stillingsstart 1. november. Auka festeinntekter skal finansiere dette.

1.2 Teneste 04200 Kyrkjer

Netto kostnadsreduksjon på kr 9.000,- er lagt inn på denne tenesta. Her ligg også inne tilpassingar til faktiske rekneskapstal på ein del vare- og tenestekjøp. I tillegg er teke inn kr 51000,- for husleige for kapella, som ikkje var teke med i opphavleg budsjettforslag. Overføring til investeringsrekneskapen er redusert med kr 40.000,- fordi tilstandsvurdering og tiltaksplan for Kvammen kapell vart billegare enn ein rekna med. Avsetningar til bunde fond til kyrkjene, finansiert med kyrkjeoffer er redusert med kr 20.000,- og dette har berre kalkulatorisk effekt.

1.3 Teneste 04300 Gravplassar

I forslaget er lagt inn ein netto kostnadsreduksjon på kr 20.000,-. Her er lagt inn oppjustering av festeinntekten med kr 40.000,- og ikkje-budsjettert sjukelønnsrefusjon på kr 3.000,-, samt auka kostnad til avgifter, gebyr og lisensar med kr 23.000,-.

1.4 Teneste 04479 Kyrkjeblad

Her er lagt inn ein kostnadsauke for trykking av bladet med kr 57.000,-. Finansieringa av denne kostnadsauken skjer ved bruk av bunde fond til kyrkjelydsarbeid og bortfall av overskot, kr 49.000,- på tenesta som låg i førre budsjett.

Konto	Kontotekst	Innt. opp/ utg. ned	Innt. ned/ utg. opp	Nettoendr.
30100.200.04100.000	Fast lønn		18000	
31000.200.04100.000	Kontormateriell	-51000		
31850.200.04100.000	Forsikring		19000	
31950.200.04100.000	Kontingentar, avg., gebyr, lisensar		28000	
32300.200.04100.000	Vedlikehald av bygg og anlegg		5000	
32600.200.04100.000	Reinhal-, vaskeri- og vaktmeist.		4000	
32700.200.04100.000	Kjøp av tenester, konsulenttenester		13000	
35700.200.04100.000	Overført til investeringsrekneskapen		12000	
38000.200.04100.000	Tilskot frå staten, statlege inst.	-19000		
Sum endring, teneste 04100 Kyrkjeleg administrasjon		-70000	99000	29000
31800.200.04200.000	Energi	-7000		
31850.200.04200.000	Forsikringar		4000	
31950.200.04200.000	Kontingentar, avgiftar, gebyr og lisensar	-24000		
32600.200.04200.000	Reinhal-, vaskeri- og vaktmeistertenester		7000	
34700.200.04200.000	Tilskot og gåver til andre		51000	

35500.200.04200.000	Avsetnader til bunde fond	-20000		
38600.200.04200.000	Offer/innsamla til eiga verksemd		20000	
35700.200.04200.000	Overført til investeringsrekneskapen	-40000		
Sum endring, teneste 04200 Kyrkjer		-91000	82000	-9000

31950.200.04300.000	Kontingentar, avgiftar, gebyr og lisensar		23000	
36301.200.04300.000	Utleige av lokale, festeavgift	-40000		
37100.200.04300.000	Refusjon sjukepengar	-3000		
Sum endring, teneste 04300 Gravplassar		-43000	23000	-20000

Sum endring 04100-04300 Kyrkjeleg forvaltning 0

31200.200.04479.000	Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester		57000	
39500.200.04479.000	Bruk av bunde fond	-8000		
Sum endring, teneste 04479 Kyrkjelydsblad		-8000	57000	49000

2. Investeringsbudsjett

2.1 Prosjekt 1000 Rehabilitering Askvoll kyrkje

Soknerådet sin prosjektdel på Askvoll kyrkje er nesten avslutta, og ein kjenner det meste av økonomien i prosjektet. Justeringsforslaget er tilpassa rekneskapstala, og ein sit igjen med kr 14.000,- i unytta prosjektmidlar, så langt ein kjenner til.

2.2 Prosjekt 1002 Kvammen kapell (prosjektering)

Det var opphavleg budsjettert med kr 100.000,- i prosjekteringskostnader (tilstandsanalyse/tiltaksplan/kostnadsrekning) på dette prosjektet. Kostnaden til dette vert lågare, og ramma er nedjustert med kr 40.000,-

2.3 Prosjekt 7000 Eigenkapitalinnskott KLP

Dette pliktige eigenkapitalinnskottet var ikkje teke med i opphavleg budsjett, men er no lagt inn med kostnad kr 12.000,-, finansiert med overføring frå drift.

Investering		Innt.opp /utg.ned	Innt. ned/ utg.opp
Prosjekt 1000 Askvoll kyrkje			
41200	Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester		5000
42300	Byggteneste, nybygg -		55000
42500	Materiale til vedlh., nybygg		2000
42700	Konsulenttenester		15000
	Refusjon frå kommune	-64000	
48700	Tilskott frå andre	-100000	
49500	Bruk av bundne fond		90000
49700	Overføringar frå dr.rekn.	-17000	
	Udisponert		14000
		-181000	181000
Prosjekt 1002 Kvammen kapell			
42700	Konsulenttenester	-40000	
49700	Overføringar frå dr.rekn.		40000

Sum		-40000	40000
Prosjekt 7000 KLP-innskot			
45200	Utlån, kjøp av aksjar og partsdelar		12000
49700	Overføringar frå dr.rekn.	-12000	
Sum		-12000	12000

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i drifts- og investeringsbudsjett 2014 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i drifts- og investeringsbudsjett 2014 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

FR 2014/63 Regulering av lokale gravplassvedtekter i Askvoll

UTGREIING

Lokale gravplassvedtekter vert vedtekne av kyrkjeleg fellestråd, og godkjente av bispedømmerrådet.

Gjeldande vedtekter er vedtekne i november 1997 (godkjente i januar 1998), med ei mindre justering i 2009. Særleg med tanke på maksimal festetid bør ein no ha ei ny gjennomgang av vedtektene.

Nedanfor er endringsforslaga kommentert, og utkast til reviderte vedtekter er i heilheit trykt i slutten av saka.

Omløpstid for gravene (§ 3)

Ordninga med maksimal festetid etter gjeldande vedtekter bør verte vurdert. I dag gjeld det ei maksimaltid på 50 år etter sist gravlegging utan særskilt løyve, og 70 år etter sist gravlegging berre i heilt spesielle høve. Maksimalavgrensinga skal sikre ein viss omløpstid på gravene for gjenbruk, og utan maksimalavgrensing kjem ein i fare for kapasitetsproblem.

Likevel bør ein kunne etablere eit noko meir fleksibelt system, då kapasiteten vil variere for dei ulike gravplassane. Ei maksimalavgrensing på 50 år kan verke noko kort, og bør kunne verte utvida til t.d. 70 år. Ikkje minst vert det meir tungvint administrativt å handsame søknader om festeforlenging mellom 50 og 70 år etter sist gravlegging.

Det kan vere ulike grunnar til at pårørande ønskjer å behalde gravene ut over 70 år, og så lenge det er kapasitet på gravplassane, bør det ikkje vere noko hinder for det. Det bør ligge objektive kriterier til grunn for vurdering av om ein kan få feste vidare (t.d. kapasitet). Likevel kan det vere grunn til å legge inn forhøya festeavgift på slike graver (t.d. eit tillegg på 50%), slik at etterspurnaden avgrensar seg naturleg. Vidare bør ein kunne stille særskilte vilkår ved feste ut over 70 år, t.d. at festar reserverer grava for eigen gravlegging.

Festetid/-periode (§§ 2,3)

Festeperioden bør reduserast til bolkar på 5 år (ned frå 10 år i dag). Ein vil då få eit administrativt meirarbeid, men tettare kontakt med festarar vil føre til meir oppdaterte register og på sikt ei meir effektiv forvaltning. NOU 2014: 2 har forslag om at maksimal festeperiode vert sett til 5 år.

Gravplassstilhøyring (§ 1)

Regulering av gravlegging av andre enn personar som var busett i kommunen bør verte innarbeidd i gravplassvedtektene, og ikkje berre stå i betalingsvedtektene. I endringsforslaget er det lagt inn dagens ordning vidareført, men med tillegg av at det vert kravd festeavgift også for tilvist grav.

Planteplate (§ 5)

Askvoll sokneråd vedtok i sak 69/2009 å tillate såkalla «bedplate» framfor grava i plantefelt. Dette er innarbeidd i forslaget.

Tilsette og sal av varer og tenester (§ 8)

I forslaget er det føreteke ei innskjerping når det gjeld tilsette på gravplassane sitt høve til å selje varer og tenester på/knytt til gravplassen.

Avfallsreduksjon (§ 6)

Forslag til innskjerping av kravet til avfallsreduksjon. Ein innfører eit generelt forbod mot bruk av ikkje-komposterbart materiale på blomster, kransar etc. som vert nytta i gravferden.

Språklege endringar (§§ 1,2,4,7,8)

I endringsforslaget er «kyrkjegard» erstatta med «gravplass» som generell term i samsvar med endring i gravplassforskriften.

Forslag til endra gravplassvedtekter for Askvoll

(Utgående tekst er sett med ~~gjennomstrekning~~ og ny tekst er sett med *kursiv*).

VEDTEKTER FOR KYRKJEGARDANE GRAVPLASSANE I ASKVOLL KOMMUNE

Jf. lov av 7. juni 1996 nr. 32 om kirkegårder, kremasjon og gravferd (gravferdslova) § 21.

Vedtekne av Kyrkjeleg fellesråd i Askvoll 25. november 1997, *med endring xx.2014*.

Godkjende av Bjørgvin bispedømmeråd 5. januar 1998, *med endring XX.2014*

§ 1 KYRKJEGARDSTILHØYRING

Avlidne personar innan kommunen kan gravleggjast på den ~~kyrkjegarden~~ *gravplassen* i kommunen som ein måtte ønskje, dersom dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune. *Dei har rett til fri grav såframt grava vert tilvist.*

Dette gjeld òg om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet.

Avlidne personar frå andre kommunar kan verte gravlagde i kommunen mot at kostnadene ved gravferda og avgift som for feste av grav vert betalt.

§ 2 FREDINGSTID OG FESTETID

Fredingstid for oskeurner er 20 år.

Fredingstid for kister er 30 år.

Festetida er 40 5 år.

§ 3 FESTE AV GRAV

Når kistegrav vert teke i bruk er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter godkjenning frå kyrkjeleg fellesråd for ei ekstra grav i tillegg når behovet talar for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av.

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 40 5 år. Når det er gått 50 70 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå kyrkjeleg fellesråd. *Det kan stillast særskilte vilkår ved eit slikt løyve.*

For feste ut over 70 år etter siste gravlegging påløper forhøya festeavgift med 50% tillegg av ordinær festeavgift.

~~Når det er gått 70 år etter siste gravleggjing kan festet fornyast berre i heilt spesielle høve.~~

I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden attende til ~~kyrkjegarden~~ *gravplassen*.

Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykke ikkje kan innhentast, kan kyrkjeleg fellesråd avgjere spørsmålet om gravleggjing.

Festaren pliktar å melde frå om endring av adresse.

§ 4 GRAV OG GRAVMINNE

~~Kyrkjegardstilsette~~ *Gravplassforvaltninga* vil syte for at grava vert planert og tilsådd etter gravleggjing. Gravminne kan ikkje setjast opp tidlegare enn 6 månader etter gravleggjing av kiste. Det kan i mellomtida setjast opp ein enkel trekross med namnet til den avlidne.

På ny festa gravstad set ein opp gravminne i bakkant av den grava som er teke i bruk. Gravminnet vert ståande der for godt dersom ikkje festaren sjølv syter for å sentrere det.

§ 5 PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgre enn gravminnet eller går ut over plantefeltet.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, slik som ~~liggjande plater~~, blomsterurner, lykter m.m. i plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein tredelt natursteinkant, *eller eigna planteplate* som fluktar med terrenget rundt.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

§ 6 PLANTETILFANG

Planter, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav, og som endar som avfall, skal vere ~~mest moglege~~ komposterbart.

§ 7 STELL AV GRAV

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal tilsåast av den ansvarlege eller av ~~kyrkjegardstilsette~~ *gravplassbetjeninga*.

§ 8 BÅREROM

Kyrkjeleg fellesråd disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan berre gjerast etter samtykke frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

§ 9 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på ~~kyrkjegarden~~ *gravplassen* skal ha løyve frå kyrkjeleg fellesråd. Løyve kan tilbakekallast dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

~~Kyrkjetilsette bør~~ *Gravplassbetjeninga* kan ikkje mot godtgjersle utføre tenester for private eller næringsdrivande. Dei ~~bør kan~~ heller ikkje engasjere seg i sal av varer eller tenester som har med ~~kyrkjegarden~~ *gravplassen* å gjere. ~~Der det er trøng for at slike tenester vert utført skal kyrkjeleg fellesråd godkjenne det på førehand.~~

§10 GJELD FRÅ

Vedtektene vert gjort gjeldande frå 01.01.2015, og tidlegare vedtekter vert oppheva.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek vedtekter for gravplassane i Askvoll kommune som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

2. Søknad om godkjenning vert sendt Bjørgvin bispedømme.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek vedtekter for gravplassane i Askvoll kommune som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Søknad om godkjenning vert sendt Bjørgvin bispedømme.

FR 2014/64 Regulering av betalingsvedtekter for Askvoll sokn

UTGREIING

For verksemda til Askvoll sokneråd er det fastsett ein del betalingssatsar og avgifter på ulike område. Satsane er vedtekne på ulike tider, og er knytt til ulike reglement. Det bør verte utarbeidd eit samla dokument over desse betalingssatsane og avgiftene, og ein bør vurdere nokre av satsane og prissystema.

Askvoll sokneråd har endeleg vedtaksmynde i saka, med unntak av fastsetjing av festeavgift og avgift for leige av gravkapell, som det er Askvoll kommunestyre som vedtek etter forslag frå soknerådet.

Vurdering av satsar og prissystem:

Festeavgift:

Festeavgifta er ei viktig inntektskjelde for dei kyrkjelege fellestråda for å finansiere/delfinansiere drifta av gravplassane. Prisdanninga er heilt fri, og det inneber såleis ikkje at den skal følgje noko sjølvkostprinsipp eller tilsvarande.

Avgiftsnivået på landsbasis varierer i stort (frå kr 0 til 536,- pr. grav pr år) med eit snitt på kr 177,-* pr. år pr. grav. Askvoll har hatt ein festeavgift på kr 100,- pr. år sidan 2011.

I omkringliggende kommunar (som t.d. Fjaler og Hyllestad) er satsen kr 150,-, og ein bør liggje på om lag samme nivå som desse.

(* Tal frå NOU 2014: 2)

Som verkemiddel for å redusere omløpstida for gjenbruk bør ein innføre differensiert festeavgift, slik at graver over 70 år etter sist gravlegging får eit pristillegg på 50%, og utgjer då kr 225,- pr. år.

Leige av kyrkje:

Kyrkjene vert i nokon grad leigd ut til konsertføremål m.v. Gjeldande leigepreis er kr 900,- (inkl. reinhald og vakthald). Nivået her er i mange tilfelle greit, men ein bør vurdere å endre prissystemet til å ta ein prosentsats av billettomsetninga, med en garantert minstepris. Dette er for å sikre auka inntekter ved større, kommersielle konsertar. I forslaget er det sett ein prosentsats på 15%, med uendra minstepris.

Soknerådet kan og vurdere om ein skal innføre betalingsordning for tilleggstenester knytt til seremoniar, t.d. preludering før gravferd, øving med solist, samt utanbygdsbetaling ved kyrkjeleg seremoni (seremoniavgift). I forslag til justerte betalingsvedtekter er det ikkje lagt inn forslag om dette.

Annonseprisar og bladpengar, kyrkjeblad:

Ein har ei utfordring med å få finansiert trykking av 4 årlege utgåver av kyrkjebladet.

Truleg ligg det eit potensial til å auke opp annonsesalet. Pr. i dag har ein berre annonseringsalternativ med 1/1 og 1/2 side. Ein bør tilby også mindre annonseformat (1/4 og 1/8 side) slik at ein får høve til billegare annonsar, noko som vonleg vil få opp talet annonsørar.

Annonseprisene er vidare føreslege reduserte for heil- og halvsiides annonsar samanlikna med

dagens prisar, men med auka sidetrykkspris for bruk av dei nye, små formata. Nytt annonseprissystem fører til at totalinntekten pr. annonseside no kan vere inntil kr 2000,- altså opp frå 1500,- med gjeldande prissystem

Det er vidare utfordrande å få annonsørar til å annonsere fast. For å stimulere til dette, er det lagt inn forslag om mengderabatt på 25% for fire utgåver.

Frivillig bladkontingent vert ikkje føreslege endra, men i forslaget er det lagt inn tillegg for portodekning for utanbygds betalende abonnentar.

Forslag til justerte betalingsvedtekter for Askvoll sokn:

	Gjeldande sats	Ny sats
Gravplassar:		
Avgift for feste av grav (pr. grav pr. år)	100,-	150,-
Feste av grav ut over 70 år etter sist gravlegging	100,-	225,-
Utanbygds kistegravlegging	5000,-	5000,-
Utanbygds urnegravlegging	2000,-	2000,-
Kyrkjer:		
Leige av kyrkje til konsert, kulturarr. mv. (oms.avg./minstepris :	900,-	15%/kr 900,-
Kyrkjeleg verksemd:		
Konfirmantkontingent	1000,-	1000,-
Abonnement kyrkjeblad (pr. år)	200,-	200,-
Abonnement kyrkjeblad tilsendt med adresselapp (pr år)	200,-	250,-
Annonsering kyrkjeblad (pr. utgåve) 1/8 s	-	250,-
Annonsering kyrkjeblad (pr. utgåve) 1/4 s	-	400,-
Annonsering kyrkjeblad (pr. utgåve) 1/2 s	750,-	600,-
Annonsering kyrkjeblad (pr. utgåve) 1/1 s	1500,-	1000,-
Annonserabatt ved annonsering i 4 utgåver	-	25%

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek betalingsvedtekter som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjevera.
2. Forslaget om justert festeavgift vert sendt Askvoll kommune for vedtak.
3. Nye satsar trer i kraft frå 01.01.2015.

MØTEHANDSAMING

Forslag frå Jorunn Ringstad om at minstepris på leige av kyrkje vert sett til kr 1200,- og utanbygdsavgift for kistegrav vert sett til kr 6000,-

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek betalingsvedtekter som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjevera og endringsforslaga som vart sett fram i møtet av Jorunn Ringstad.
2. Forslaget om justert festeavgift vert sendt Askvoll kommune for vedtak.
3. Nye satsar trer i kraft frå 01.01.2015.

FR 2014/65 Telefonløysing for Askvoll sokn

UTGREIING

Kyrkjekontoret har i dag ei mobil bedriftsløysing på telefoni for kontoret og dei kyrkjeleg tilsette. Totalt sett er denne løysinga relativt kostbar, og ein har fleire unødvendige abonnement.

Det har vore bindingstid til september 2014 på fleire av desse abonnementa, og ein kan no vurdere å gjere endingar for å kutte kostnader.

Vurdering pris/teneste

Totalløysinga ein har i dag er generelt god, fordi ein har tilgang til mobil sentralbordløysing, prisen inkluderer ein del datatrafikk, og det påløper sjeldan kostnader til tele- og datatrafikk utover dei faste månadsavgiftene som ligg på mellom kr 350,- og 615,- pr. måned. Totalt har ein i dag ein månadskostnad på ca kr 2700,- med abonnenta ein har hatt (kostnad inkludert to overflødige abonnement som er sagt opp i september). Imidlertid er desse abonnementa kostbare, samanlikna med andre leverandørar sine mobiltilbod, og det finst bedriftsløysingar ned mot kr 240,-/mnd (utan datatrafikk) og ordinære mobilabonnement ned mot kr 200,- med tale/sms inkludert.

Behovet i soknet

Det er i dag fleire "unødvendige" abonnement ein har. Fleire føretrekk å nytte sitt private abonnement av praktiske grunnar. Prestane ved kontoret har også eigen telefonordning via sin arbeidsgivar, og ein treng ikkje ha eige abonnement til desse.

Det virtuelle fastnummeret til sentralbordet synest unødig å betale for (ca kr 500,-/år), når ein allereie har eit mobilt sentralbordnummer.

Pr. i dag nyttar ein i svært liten grad kontortelefonene til datatrafikk, og ein treng ikkje betale for denne løysinga.

Ein nyttar heller ikkje den moglegheiten som ligg i den mobile bedriftsløysinga i dag. Ein må vurdere om det er nødvendig å betale for dette.

Ulemper ved å gå over til ny løysing, er at nye nummer må gjerast kjent og verte innarbeidd blant publikum.

Med bruk av private abonnement vil ein dessutan ikkje ha telefonnummer i serie.

Innsparing

Med ny løysing og reduksjon i talet abonnement vil ein kunne spare inn om lag kr 1700,-/mnd, eller ca. kr 20.000,- pr. år på telefoni.

Ny telefonløysing

Ein bør gå over til ei ny mobil løysing hos konkurrerande leverandør. Ein bør vidare gje dei tilsette moglegheit til å nytte sitt eige abonnement i arbeidet, og heller betale ut telefongodtgjersle tilsvarande eit mobilabonnement, så ein t.d. ikkje treng ha med seg to telefonar når ein er ute av kontoret. Eit rimeleg godtgjerslenivå kan vere kr 250,-/mnd (altså litt høgre enn ordinær abonnementskostnad) fordi soknet med denne ordninga slipper kostnad til oppgradering av utstyr.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd går inn for å bytte telefonleverandør, og ber kyrkjeverja finne ei rimelegare løysing enn i dag.
2. Tilsette som ønskjer å nytte privat telefonabonnement i arbeidet i staden for kontortelefon har høve til dette, og får ei godtgjersle på kr 250,- pr. måned for dette.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd går inn for å bytte telefonleverandør, og ber kyrkjeverja finne ei rimelegare løysing enn i dag.
2. Tilsette som ønskjer å nytte privat telefonabonnement i arbeidet i staden for kontortelefon har høve til dette, og får ei godtgjersle på kr 250,- pr. måned for dette.

SR 2014/67 Høyring: "Staten og Den norske kirke - et tydelig skille"

UTGREIING

Høyringsnotatet *Staten og Den norske kirke – et tydelig skille* er lagt fram av Kulturdepartementet 02.09.2014. I høyringsnotatet ligg det konkrete forslag til endringar i kyrkelova.

Forslaga som vert tekne opp i høyringsnotatet representerer ei viktig endring i forholdet mellom staten og Den norske kyrkje. Alle sokneråd og kyrkjelege fellesråd i landet er blant høyringsinstansane. Det er ikkje utarbeidd særskilte høyringsspørsmål til høyringa.

Høyringsfristen er sett til **01. november 2014**.

Høyringsnotatet er både ein følgje av det såkalla kyrkjeforliket i Stortinget frå 2008, og ei oppfølging av vedtak i Kyrkjemøtet 2013, som seier:

1. *Kirkemøtet ber regjering og Storting om at det så raskt som mulig etableres et nasjonalt rettssubjekt for Den norske kirke.*
2. *Kirkemøtet ber regjering og Storting om at virksomhets- og arbeidsgiveransvaret for prestatjenesten overdras til dette rettssubjektet. De sentrale og regionale kirkelige organer overføres slik at disse ikke lenger er statlige forvaltningsorganer.*
3. *Kirkemøtet understreker at overføringen av virksomhets- og arbeidsgiveransvaret for prestatjenesten til et nasjonalt rettssubjekt ikke endelig fastlegger hvor arbeidsgiveransvaret i en fremtidig kirkeordning skal plasseres. Kirkemøtet fastholder målsettingen i tidligere kirkemøtevedtak om felles arbeidsgiveransvar i en framtidig kirkeordning.*

- 4. Kirkemøtet forutsetter at det som et neste skritt vedtas en kortfattet rammelov for Den norske kirke. Kirkemøtet ber Kirkerådet fortsette arbeidet med en framtidig kirkeordning som Kirkemøtet kan vedta når denne loven er vedtatt. Som ledd i prosessen bes Kirkerådet om så snart som mulig å forberede en sak til Kirkemøtet som gir anledning til å fatte vedtak om grunnleggende veivalg. Kirkemøtet er opptatt av at forståelsen av soknet som grunnenhet blir ivaretatt i arbeidet med en framtidig kirkeordning.*

Lovendringsforslaga er del av prosessen som har pågått i fleire år med å endre relasjonen mellom staten og Den norske kyrkje. Med kyrkjeforliket følgte det endringar i Grunnloven frå 2012, med den formelle konsekvensen at Kongen ikkje lenger er kyrkjestyre, og at statskyrkjeordninga i realiteten er avvikla. Likevel er ikkje relasjonen heilt laus, all den tid t.d. prestar og biskopar framleis er statlege tenestemenn og bispedømmeråda og Kyrkerådet er statlege verksemder.

Som ein ser av vedtaket i Kyrkjemøtet (over) er det for å fullføre prosessen med fullstendig avvikling av statskyrkjeordninga nødvendig med etablering av eit nytt, nasjonalt rettssubjekt der det vert ei verksemdsoverføring frå staten- og ei overføring av arbeidsgivaransvaret til dette nye rettssubjektet.

Departementet tek sikte på at endringane trer i kraft frå 2017.

Proessen med ny kyrkjeordning (korleis kyrkja skal organiserast framover), er ikkje tema i høyringa, men det vert lagt til grunn at Stortinget si rolle i dette organiseringsspørsmålet vert å vedta ein ny, kortfatta rammelov (kyrkjelov), og det er Kyrkjemøtet sjølv som tek stilling til framtidig organisering fram mot 2020.

Hovedpunkt i høyringsnotatet

1. Den norske kyrkje som rettssubjekt og soknet sitt sjølvstende

Når det skal verte eit tydeleg skille mellom staten og Den norske kyrkja må verksemdsansvaret for bispedømmeråda og dei sentralkyrkjelege råda verte overført frå staten, slik at Den norske kyrkja vert sjølvstendig. Det er derfor nødvendig at det vert etablert eit nytt, nasjonalt rettssubjekt, slik at den nye eininga kan ha partsrett og inngå bindande avtaler (får rettsleg handleevne).

Når den nye eininga får dei eksisterande kyrkjelege verksemdene overført, inneber det at også arbeidsgivaransvaret for prestar og biskopar, tilsette ved bispedømmeråda og Kyrkerådet vert overført til det nye rettssubjektet.

Departementet set fram forslag om at det i utgangspunktet er Kyrkemøtet som er øvste kyrkjelege organ og opptre på vegne av det nye rettssubjektet så langt anna ikkje er fastsett ved lov. Kyrkerådet vil etter fullmakt ivareta rolla som det utøvande organet.

Det vert vidare forutsett at balansen mellom nasjonalt og lokalt kyrkjestyre vert vidareført. Soknet skal framleis vere eit sjølvstendig rettssubjekt, og ha arbeidsgivaransvar for eigne tilsette og eigen økonomi.

Delegasjon

I lovforslaget vert det opna for at Kyrkjemøtet kan delegere mynde til Bispemøtet, Den

norske kyrkja sin klagenemnd (sjå pkt. 3), bispedømmeråda, biskopane og prostane. I dagens kyrkjelov (§§ 9 og 14) har departementet høve til å overdrage mynde til soknet sine organ. Det er vurdert om denne delegasjonsretten også skal gjelde for Kyrkjemøtet med den nye ordninga. Departementet vil ikkje tilrå dette, fordi det då vil verte etablert eit over-/underordningsforhold. Når denne delegasjonsretten ikkje vert vidareført, inneber det på den andre sida at det ikkje vert opning for t.d. forsøksordningar med å legge tilsettingsmynde for prestane til kyrkjelege fellestråd.

På den andre sida ligg det i forslaget til endra § 23 at soknet, ved kyrkjeleg fellestråd eller sokneråd kan overdrage mynde til bispedømmerådet.

Forslag til vedtak:

Askvoll sokneråd sluttar seg til at det vert etablert eit nytt, nasjonalt rettssubjekt for Den norske kyrkja, representert ved Kyrkjemøtet.

Vidare støttar vi at balansen mellom lokalt og nasjonalt kyrkjestyre vert vidareført.

Vi meiner vidare at det er uheldig at det vert ei delegasjonssperre for overføring av arbeidsgivarmynde frå bispedømmeråd til kyrkjelege fellestråd, men ikkje motsett veg. Før ein har innført ny kyrkjeordning, må det vere opning for forsøksordningar for å finne ut kvar arbeidsgivaransvaret skal liggje i framtida.

2. Overføring av prestar og andre kyrkjelege tilsette frå staten til kyrkja

Med ei fristilling av kyrkja frå staten, vil om lag 1600 prestar og tilsette ved bispedømmeadministrasjonane/Kyrkerådet verte direkte berørte. Det vert lagt til grunn at normale arbeidsrettslege reglar for verksemdsoverdraging vil gjelde også her. Dei tilsette vil ha uendra lønns- og arbeidsvilkår.

Etter overdraginga av arbeidsgivaransvaret vil staten ikkje lenger vere part i avtalar om lønns- og arbeidsforhold, men Kyrkjemøtet vil vere øvste arbeidsgivarorgan for desse tilsette.

Særskilte reguleringar som statstenestemenn er omfatta av, vil ikkje lenger gjelde, men verte avløyst av alminnelege arbeidsrettslege reguleringar (arbeidsmiljøloven).

Forslag til vedtak:

Askvoll sokneråd sluttar seg til modellen som vert skissert for overføring av arbeidsgivaransvaret for prestar og andre tilsette ved bispedømmeråda/Kyrkerådet til eit nytt nasjonalt rettssubjekt.

Likevel vil vi understreke at overføringa av arbeidsgivaransvaret ikkje må sementere ordninga med det todelte arbeidsgivaransvaret vi har i lokalkyrkja i dag. Med utgangspunkt i Kyrkjemøtevedtak frå 2013, sak 5/13, pkt. 3, er felles arbeidsgivaransvar ei overordna målsetting:

«Kirkemøtet understreker at overføringa av virksomhets- og arbeidsgiveransvaret for prestetjenesten til et nasjonalt rettssubjekt ikke endelig fastlegger hvor arbeidsgiveransvaret i en fremtidig kirkeordning skal plasseres. Kirkemøtet fastholder målsettingen i tidligere kirkemøtevedtak om felles arbeidsgiveransvar i en framtidig kirkeordning.»

3. Prestar og prestetenesta

I endringsforslaga i Kyrkjelova ligg det ei tydeleggjering at soknet har ein rett til å ha presteteneste, altså å vere betent av ein prest. Dette underbygger at Den norske kyrkja også i framtida skal vere landsdekkjande, ved at det er ei presteteneste over heile landet.

Tilsvarande har departementet eit forslag om at kvart prosti skal vere betent av ein prost og kvart bispedømme av ein biskop.

Endringsforslaget her inneber ingen realitetsendring, men understreker ei vidareføring av dagens situasjon.

Prestetenesta sin uavhengighet

I dag er reglene for prestetenesta i stor grad fastsett av Kongen/departementet, og Kyrkjelova har få reguleringer av denne. Når prestetenesta vert skilt ut frå Staten, kan det vere hensiktsmessig å lovfeste prestane sitt sjølvstendige ansvar for si teneste.

Departementet har forslag om å ta inn ein bestemmelse om at *«all presteteneste skal organiseres slik at prestene kan utøve sin teneste i samsvar med ordinasjonens forutsetninger og forpliktelser»* .

Særskilt klageorgan

Det er ulike klageordningar i dagens kyrkjeordning. I dag er departementet klageorgan i fleire saksområde. Med ei fristilling av kyrkja er det derfor nødvendig med endring på dette området. Kyrkjerådet vert klageorgan i fleire saker.

Departementet har forslag om at det vert oppretta eit særskilt klageorgan, sett saman av personar med betydeleg teologisk og juridisk kompetanse som klageorgan på enkelte område: klage på vedtak om dispensasjon frå kravet om medlemskap for tilsette og ombod, disiplinærvedtak, vedtak om tap av presterettar, saker som gjeld klage på biskopen og vedtak fatta av Kyrkjerådet etter Forvaltningslova . Departementet seier at Kyrkjemøtet ikkje er eit eigna klageorgan.

Forslag til vedtak:

Askvoll sokneråd sluttar seg til at det vert lovfesta at kvart sokn skal ha rett til å få presteteneste, og at ein slik sikrar ei landsdekkande kyrkje, og at det vert lovregulert at tenesta skal utøvast i samsvar med ordinasjonen sine føresetnadar og forpliktingar .

Vi saknar likevel meir regulering av forholdet mellom soknet og prestetenesta. Med endringsforslaget vert soknet berre ein mottakar av prestetenesta, der styring og rammer primært kjem frå regionale og nasjonale organ.

Vi er kritiske til at det skal verte lovregulert organisasjonsstruktur for Den norske kyrkja, når det vert fastsett ved lov at det, i tillegg til prest i kvart sokn og biskop i kvart bispedømme, skal vere ein prost i kvart prosti. Her bør Kyrkjemøtet ha handlingsrom for å finne gode løysingar for framtidig organisering. Etter vår meining er det tilstrekkeleg å lovregulere at kvart sokn skal vere betent av prest, og kvart bispedømme av ein biskop.

Vidare saknar vi at retten til trusopplæringa i alle sokn vert lovfesta på lik linje med prestetenesta.

4. Økonomi

Departementet har forslag om at dagens finansieringsordning med statleg finansiering av presteskap og øvrige regionale og nasjonale kyrkjelege organ, i tillegg til tilskotsordningar til trusopplæring og diakoni til kyrkjelydane, og verksemdene lokalt vert finansiert av kommunane etter KL §15.

Departementet føreslær at den statlege finansieringa vert gjeve som eit rammetilskot etter budsjettsøknad frå Kyrkjemøtet, og det vil vere Kyrkjemøtet som tek dei endelige prioriteringane og interne fordeling i organisasjonen.

Slik vil kyrkja (Det nye rettssubjektet) få eit sjølvstendig ansvar for sin økonomi, og utgjer etter utskillinga ei rettsleg og økonomisk eining.

Det vert ikkje lagt opp til hindringar for at kyrkja kan ha eigeninntekter ut over statlege bevilgningar, både gåveinntekter og inntekter av kommersiell verksemd.

Opplysningsvesenets fond har verdiar på om lag 7 milliardar kroner, og av fondets avkastning vert frå 2014 om lag 40 millionar kroner overført til Kyrkjemøtets disposisjon til ulike kyrkjelege føremål. Kulturdepartementet forvalter dette fondet, og har ikkje forslag til endringar i tilskotsordningane frå dette. Departementet har heller ikkje forslag om endringar i eigarskap i samband med denne prosessen.

Den norske kirkes landsfond, med ca. 20 millionar i forvaltingskapital, føreslær departementet at vert oppløyst og kapitalen overført til kyrkja.

Åpningsbalanse

Departementet har ikkje teke stilling til kyrkja sin åpningsbalanse, men denne vert gjenstand for budsjettmessig vurdering på eit seinare tidspunkt. Departementet seier at kyrkja skal få tilført tilstrekkeleg eigenkapital.

Låneopptak

Departementet føreslær at det nye rettssubjektet generelt ikkje har adgang til låneopptak (unntak for lån i Opplysningsvesenets fond og kortsiktige likviditetslån). Dette er fordi ein tenkjer at både frå kyrkja og långiver sin side kan vere ei oppfatning at staten vert ein garantist ut frå finansieringsansvaret.

Forslag til vedtak:

Askvoll sokneråd sluttar seg til modellen som vert skissert for ei vidareføring av den todelte finansieringsmodellen, at det nye nasjonale rettssubjektet får eit statleg rammetilskot, og at det framleis er eit kommunalt finansieringsansvar for lokalkyrkja.

Før lovendringane kan tre i kraft(1.1.2017) må det etablerast eit nytt arbeidsgivarapparat for kyrkja. Ekstra omstillingsressursar må difor verte løyvd i tidlegare budsjett.

I ny § 22 i Kyrjelova bør trusopplæringa særskilt nemnast, då denne utgjer eit stort føremål i samla løyving.

Askvoll sokneråd er skeptisk til at det generelt ikkje vert adgang til låneopptak for det nye rettssubjektet. Det er uheldig når ein på den eine sida gir kyrkja sjølvstende og

avtalefridom og samtidig avgrensar avtalefridom og handlingsrom ved å avgrense retten til låneopptak.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek høyringsssvar i samsvar med forslaga frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

Det var punktvis avstemming for høyringsuttale.

Pkt. 1: Stein Hugo Fykse sette fram forslag om å kutte ut tredje avsnitt, og erstatte dette med:

Soknerådet er samde med departementet i at delegasjonsretten i ny kyrkjelov ikkje gjeld for Kyrkjemøtet. Dette inneber at det ikkje vert opning for t.d. forsøksordningar med å legge tilsettingsmynde for prestane til kyrkjeleg fellestråd (j.f. kyrkjelova § 23).

Pkt. 3: Stein Hugo Fykse sette fram forslag om å kutte ut tredje avsnitt.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek høyringsssvar i samsvar med forslaga frå kyrkjeverja, men med dei endringsforslaga som vart sett fram av Stein Hugo Fykse.

Askvoll sokneråd sin høyringsuttale vert såleis:

1. Den norske kyrkje som rettssubjekt og soknet sitt sjølvstende

Askvoll sokneråd sluttar seg til at det vert etablert eit nytt, nasjonalt rettssubjekt for Den norske kyrkja, representert ved Kyrkemøtet.

Vidare støttar vi at balansen mellom lokalt og nasjonalt kyrkjestyre vert vidareført.

Soknerådet er samde med departementet i at delegasjonsretten i ny kyrkjelov ikkje gjeld for Kyrkjemøtet. Dette inneber at det ikkje vert opning for t.d. forsøksordningar med å legge tilsettingsmynde for prestane til kyrkjeleg fellestråd (j.f. kyrkjelova § 23).

2. Overføring av prestar og andre kyrkjelege tilsette frå staten til kyrkja

Askvoll sokneråd sluttar seg til modellen som vert skissert for overføring av arbeidsgivaransvaret for prestar og andre tilsette ved bispedømmeråda/Kyrkerådet til eit nytt nasjonalt rettssubjekt.

Likevel vil vi understreke at overføringa av arbeidsgivaransvaret ikkje må sementere ordninga med det todelte arbeidsgivaransvaret vi har i lokalkyrkja i dag. Med utgangspunkt i Kyrkjemøtevedtak frå 2013, sak 5/13, pkt. 3, er felles arbeidsgivaransvar ei overordna målsetting:

«Kirkemøtet understreker at overføringa av virksomhets- og arbeidsgiveransvaret for prestetjenesten til et nasjonalt rettssubjekt ikke endelig fastlegger hvor arbeidsgiveransvaret i en fremtidig kirkeordning skal plasseres. Kirkemøtet fastholder målsettingen i tidligere kirkemøtevedtak om felles arbeidsgiveransvar i en framtidig kirkeordning.»

3. Prestar og prestetenesta

Askvoll sokneråd sluttar seg til at det vert lovfesta at kvart sokn skal ha rett til å få presteteneste, og at ein slik sikrar ei landsdekkande kyrkje, og at det vert lovregulert at tenesta skal utøvast i samsvar med ordinasjonen sine føresetnadar og forplikingar.

Vi saknar likevel meir regulering av forholdet mellom soknet og prestetenesta. Med endringsforslaget vert soknet berre ein mottakar av prestetenesta, der styring og rammer primært kjem frå regionale

og nasjonale organ.

Vidare saknar vi at retten til trusopplæringa i alle sokn vert lovfesta på lik linje med prestetenesta.

4. Økonomi

Askvoll sokneråd sluttar seg til modellen som vert skissert for ei vidareføring av den todelte finansieringsmodellen, at det nye nasjonale rettssubjektet får eit statleg rammetilskot, og at det framleis er eit kommunalt finansieringsansvar for lokalkyrkja.

Før lovendingane kan tre i kraft(1.1.2017) må det etablerast eit nytt arbeidsgivarapparat for kyrkja. Ekstra omstillingsressursar må difor verte løyvd i tidlegare budsjett. I ny § 22 i Kyrkjelova bør trusopplæringa særskilt nemnast, då denne utgjer eit stort føremål i samla løyving.

Askvoll sokneråd er skeptisk til at det generelt ikkje vert adgang til låneopptak for det nye rettssubjektet. Det er uheldig når ein på den eine sida gir kyrkja sjølvstende og avtalefridom og samtidig avgrensar avtalefridom og handlingsrom ved å avgrense retten til låneopptak.

SR 2014/68 Val av leiar og nestleiar for 2015

UTGREIING

Etter *Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet* § 1-3, skal det vere val av leiar og nestleiar for soknerådet kvart år.

Valet går føre seg skriftleg.

Den som har vore leiar eitt år, kan unnså seg val påfølgjande år.

Valperioden strekker seg frå 1. november til 31. oktober.

INNSTILLING

1. Ingen forslag til vedtak.

MØTEHANDSAMING

Ole Andreas Myrstad sa seg villeg til attval som leiar i Askvoll sokneråd.
Anne Grethe Lien sa seg villeg til attval som nestleiar i Askvoll sokneråd.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Ole Andreas Myrstad vart vald til leiar i Askvoll sokneråd for 2015.
2. Anne Grethe Lien vart vald til nestleiar i Askvoll sokneråd for 2015.

SR 2014/69 Kyrkjevalet 2015. Val av leiar av valstyret og etablering av valteam.

UTGREIING

Det skal vere kyrkjeval hausten 2015. Arbeidet med å førebu valet må starte opp denne hausten.

12. november skal det vere valkurs i Sunnfjord prosti, og her bør soknet sitt valteam stille. Valteamet er ei arbeidsgruppe som arbeider på valstyret sine vegne, og er sett saman av:

- Leiar av soknerådet
- Leiar av valstyret
- Ein frå administrasjonen
- Evt. ein informasjonsansvarleg

Leiar av soknerådet kan vere leiar av valstyret, men det kan vere ein fordel at dette er ein annan person.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd etablerer eit valteam, sett saman av:

- Soknerådsleiar: xx.
- Valstyreleiar: xx.
- Frå administrasjonen: Rune Ziener.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd etablerer eit valteam, sett saman av:

- Soknerådsleiar: Ole Andreas Myrstad.
- Valstyreleiar: Jorunn Ringstad.
- Frå administrasjonen: Rune Ziener.

SR 2014/70 Komplettering av offerlister, hausten 2014

UTGREIING

I sak SR 2014/58 vart offerliste for hausten 2014 vedteke. Det låg ikkje føre komplett liste for Askvoll og Vilnes kyrkje etter saka. Lista må derfor kompletterast for desse gudstenestene:

Askvoll kyrkje:

23. november kl.11.00.

Gudstemeste ved Lilja Kristin Thorsteinsdottir. *Offer til Leger uten grenser.*

24. desember kl.16.00

Julaftan gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. *Offer til Kirkens Nødhjelp.*

25. desember kl.12.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. *Offer til Norsk kirke i utlandet.*

31. desember kl.16.00.

Minnegudsteneste ved Stein Hugo Fykse. *Ikkje offer.*

Vilnes kyrkje:

02. november kl.16.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Utdeling av 4 og 6 års bok. *Offer til Sogn og Fj. Søndagsskulekrins.*

30. november kl.15.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. *Offer til Den evangelisk lutherske kirke i Jordan og Det hellige land.*

24. desember kl.13.30.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. *Offer til Kirkens Nødhjelp.*

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista slik den vart komplettert i møtet.

VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista slik den vart komplettert i møtet (er innarbeidd i lista i saksutgreiinga).